

BRUKSENDRING FOR BYGG PÅ GNR: 1 BNR.80, FLATØYVEGEN 20.

Vurdering av branntryggleik.

Bygget er ein trehusbygning i 3 etasjar med ei grunnflate på 10,0m x 7,6m = 76 kvm. med eit golvareal pr. etasje på 69 kvm. tilsaman 207,0 kvm golvareal.

Det er open trapp mellom etasjane. Utgang til det fri gjennom dør både frå 1. og 2. etasje. Frå 3 etasje skjer rømmingsveg til det fri gjennom takvindauga.

Bygget skal brukast til øvingslokale for musikk m.m.

Klassifisering. Bygget vert sett i risikoklasse 3 og brannklasse 2 etter TEK 17

Det viktigaste med denne type trehusbygg er å sikre og ha lett tilgjengelege rømmingsvegar samt tidleg varsling. Bygget sin tekniske kvalitet kan det gjerast lite med.

Aktivitet i bygget.

Brukarane er både born og vaksne.

I omlag 60 % av brukstida vil det vera 1-3 personar i bygget med prosjektarbeid/produksjon av musikk og studioarbeid.

I omlag ca. 30 % av brukstida maks 15 personar i bygget med aktivitar innan øving/musikk/dans/kurs.

I om lag 10 % av brukstida arrangement/intimkonsert maks 50 personar i bygget samstundes.

Det skal ikkje vera servering i bygget, berre kiosksalg og liknande.

Aktivitetane i bygget reknast som lite brannfarleg.

Brannceller:

Etter TEK 17 kan bygning med denne klassifiseringa og med lik bruk i alle etasjar vurderast som ei branncelle med open trappeløysing imellom. Ein føresetnad er då at det er rømmingsveg direkte til det fri frå kva etasje. Frå 1. og 2. etasje er dette løyst med dør direkte til det fri med dørbredde 90 cm. Frå 1. etasje er det i tillegg rømming gjennom skyvedør ut mot kai. Frå 3. etasje (loftsetasje) vil det bli laga til sikker rømmingsveg gjennom takvindauga med sikker tilkomst til terreng på austsida av bygget.

Brannvarsling: Det vil bli montert godkjente brannvarslingsanlegg(Røykvarslarar) kopla i serie i alle etasjar slik at tidleg varsling kan skje.

Rømmingsvegar og utgangar vil bli markert med markeringsljøs og av godkjent type.